# Referat

| | | | |
|---|---|---|---|
| **Dato:** | 19.06.2019 | **Sakshandsamar:** | Eli M. Vik Næss |
| **Tid:** | 08:00-09:45 | **Tlf sakshand** | 951 91 805 |
| **Referent:** | Eli M. Vik Næss | **Vår dato:** | 11.11.2019 |

## Styringsgruppa for Førdepakken

| | |
|---|---|
| **Møtenr:** | 2/2019 |
| **Stad:** | Førde – Prosjektkontor Førdepakken og Skype |
| **Møteleiar:** | Svenn Egil Finden |
| **Til stades:** | Ole John Østenstad (OJØ), Tore Eriksen (TE), Svenn Egil Finden (SF), Vigdis Lobenz (VL), Erling Varlid (EV), Lise Mari Haugen (LMH), Kaisa Tonheim Banne (KTB) og Eli M. Vik Næss (EMN) |
| **Forfall:** | |

V: Vedtak, O: Orientering

| Punkt | Sak | Ansvar/Frist |
|---|---|---|
| 9/2019 | **Referat frå sist møte – 29. mars 2019**<br><br>*Oppfølging av saker førre møte:*<br><br>1/2019 Hovudutval for samferdsle bør bli orientert om Førdepakken ved høve<br>*Status:* Gjennomført på HS-møtet 17. juni i Gulen<br><br>1/2019, 14/2018 El-bilar og fritak – vurdere innføring av bompengetakst for el-bilar.<br>*Status:* Statens vegvesen handsamar no takstvedtak for Førdepakken etter at kommunane og Sogn og Fjordane fylkeskommune har gjort vedtak om at nullutsleppskøyretøy til og med 3500 kg skal betale 50% av taksten til takstgruppe 1 etter brikkerabatt. Ferde vil då kunngjere dei nye takstane. Nye takstar vil då normalt verte innførte 4-6 veker etter kunngjeringa.<br>Vedtak: Styringsgruppa meiner at kunngjeringa kan gjerast no, men ønskjer 6 veker kunngjeringsperiode pga. ferie.<br><br>2/2019 Tiltak 1 Angedalsvegen – Hafstad<br>*Status*: Handsama under sak 10/2019. | |

| | | |
|---|---|---|
| | 2/2019 Tiltak 6/7 Askvollkrysset<br>*Status*: Opningsseremoni 27. juni<br><br>3/2019 Fordeling av kostnader med felles grøft.<br>*Status*: *Handsama som eiga sak, jf. sak 12/2019 på dette møtet.*<br><br>6/2019 Fullmaktsdokument Førdepakken (O)<br>*Status*: Sjå saksframlegg vedlagt fullmaktsdokument til dette møtet.<br><br>Diskusjon:<br>Vi bør ikkje skilje på Statens vegvesen og Vegdirektoratet i fullmaktsdokumentet. Bør endrast til Statens vegvesen.<br><br>7/2019 Regionreform og Framtidas Statens vegvesen. Konsekvensar for Førdepakken (O)<br>*Status*: Sjå saksframlegg til dette møtet.<br>Ingen endringar når det gjeld organisering av Førdepakken .<br><br>8/2019 Informasjonsbehov Førdepakken (O)<br>*Status*: Saka avslutta. | EV |
| **10/2019** | Statusrapport pr. juni 2019 – alle tiltaka i Førdepakken (O)<br><br>*Diskusjon*:<br>Tiltak 1 Angedalsvegen-Hafstadvegen:<br>- Vi regulerer alt. 4 (gang- og sykkelbru over Jølstra) inn i same reguleringsplanen, men det er ikkje ein del av Førdepakken. Styringsgruppa hadde ikkje merknad til dette<br>- Styringsgruppa må vurdere kva som skal byggjast av vegar- og bruer ved Førdehuset når kostnadene er komne på bordet.<br>Tiltak 3 og 4 Hafstadflata:<br>- SVV har meirkostnader og forseinkingar fordi Førde kommune er forseinka når det gjeld prosjektering av sin del. Dette vil Førde kommune ta opp med konsulenten.<br>Tiltak 5 Bergumkrysset:<br>- Overskriding på over 100 % | OJØ |

| | | |
|---|---|---|
| | - Opprinneleg overslag i stortingsproposisjonen var feil<br>- Arbeidet med bosplassen gav bl.a. store kostnader<br>- Kva kostnadsoverskridinga skuldast må granskast i SVV.<br>Tiltak 8 Gangbru over Jølstra i sentrum<br>- Utlyst på parallellkonkurranse. Brutype, utforming, material og kostnad vert handsama i styringsgruppa etter at Førde kommune har handsama saka<br>Tiltak 13 E39 GS-veg Halbrend skule - Hogane<br>- Prosjektet vert bygd, men dei første 100 metrane er kutta ut<br>Tiltak 14:<br>- 100 parkeringsplassar kan forsvinne. Parallell prosess som kommunen jobbar med for å etablere parkeringshus og alternative parkeringsplassar. Stor utfordring å få folk til å endre haldning/val av transportform.<br>- Viktig å vere obs på samanhengane, for eksempel lægre biltrafikk påverkar bompengeinntektene og finansieringa av Førdepakken.<br><br>Tiltak 20:<br>- Kan tiltak 20 byggast utan å øydelegge for mykje av tilkomst, parkeringsplassar med meir på Halbrendsøyra? Styringsgruppa meiner at det kan det.<br>- Bør tiltak 20 flyttast høgre opp på prioriteringslista? Styringsgruppa meiner at denne bør stå på 20.plass<br>- Skal vi starte reguleringsarbeid sjølv om den vert ståande som nr. 20? Styringsgruppa meiner vi bør vente med å regulere. | EV<br><br>EV |
| 11/2019 | **Fortau langs Steinavegen frå Askvollkrysset og til kryss ned mot Halbrendsøyra** (V)<br>Sjå saksframlegg.<br><br>*Diskusjon:*<br>- Førde kommune er ikkje nøgd med prosessen. Viste ikkje at denne delen ikkje skulle byggast.<br>- Ikkje aktuelt å bygge fortauet no.<br>- Krysset må gjerast om når vi bygger tiltak 20. | |

| | | |
|---|---|---|
| | - Har bygd skulder som avbøtande tiltak.<br>- Kuttforslag bør handsamast av Førde kommune.<br><br>*Vedtak:* Fortauet vert ikkje bygd no. Kuttforslag bør for ettertida handsamast av Førde kommune. | |
| 12/2019 | **Fordeling av kostnader med fellesgrøfter (V)**<br>Sjå saksframlegg inkl. to vedlegg<br><br>*Diskusjon*:<br>- Standardheving som er utfordrande<br>- Førde kommune ønskjer å forhandle om dette frå prosjekt til prosjekt, og meiner at rundskriv 90/10 ikkje er tydeleg på dette. Det er visning til rundskrivet som er vanskeleg for kommunen.<br>- SVV meiner at vi ikkje skal vere så redd når det gjeld det som står om standardheving, for det vil vi blir samde om.<br>Vedtak:<br>- Saka vert utsett til neste møte. Partane ser på formuleringa knytt til rundskriv 90/10 på nytt til neste møte. | EV |
| 13/2019 | **Årsmelding/årsrapport til fylkeskommunen og kommunen**<br>Sjå saksframlegg.<br><br>*Diskusjon*:<br><br>Vedtak: I samsvar med tilrådinga: Det skal utarbeidast ei enkel tekstleg årsmelding frå Førdepakken, utbyggingsside. I tillegg bør inntektssida i høve fylkeskommunen sin garanti takast inn i årsmeldinga. | |
| 14/2019 | **Nye retningsliner for porteføljestyrte bompengepakkar**<br>Sjå saksframlegg<br><br>*Diskusjon:*<br>- Hastar å få avklart konsekvensane for Førdepakken<br>- Det kan ta litt tid før vi får avklaring<br><br>Vedtak:<br>Statens vegvesen vurderer tiltak for å få opp gjennomsnittsinntekta, og verknader av dette. Dette må sjåast opp mot kostnader for å få bygd alle tiltaka i Førdepakken. | KTB |

| | | |
|---|---|---|
| 15/2019 | **Avtale med private utbyggjarar om bygging av vegar (gjennomføringsavtale).**<br>Sjå saksframlegg inkl. eitt vedlegg.<br><br>*Diskusjon*:<br><br>Vedtak:<br>I samsvar med tilrådinga: Styringsgruppa tek til orientering at Førdepakken inngår gjennomføringsavtale med private utbyggjarar der dette høver seg økonomisk og anleggsteknisk. | |
| 8/2019 | **YMSE**<br><br>• *Neste styringsmøte: Første halvdel i november* | <br><br>EMN |

Oppfølgingssaker styringsgruppa Førdepakken

| Sak nr. | Omtale | Ansvarleg | Frist |
|---|---|---|---|
| 9/2019 | 6/2019 Fullmaktsdokument Førdepakken (O)<br>Vi bør ikkje skilje på Statens vegvesen og Vegdirektoratet i fullmaktsdokumentet. Bør endrast til Statens vegvesen. | EV | |
| 10/2019 | Tiltak 3 og 4 Hafstadflata:<br>– SVV har meirkostnader og forseinkingar fordi Førde kommune er forseinka når det gjeld prosjektering av sin del. Dette vil Førde kommune ta opp med konsulenten. | OJØ | |
| 10/2019 | Tiltak 5 Bergumkrysset:<br>– Kva kostnadsoverskridinga skuldast må granskast i SVV. | EV | |
| 10/2019 | Tiltak 8 Gangbru over Jølstra i sentrum<br>– Utlyst på parallellkonkurranse. Brutype, utforming, material og kostnad vert handsama i styringsgruppa etter at Førde kommune har handsama saka | EV | |
| 12/2019 | Fordeling av kostnader med fellesgrøfter (V)<br>Saka vert utsett til neste møte. Partane ser på formuleringa knytt til rundskriv 90/10 på nytt til neste møte. | EV | |
| 14/2019 | Nye retningsliner for porteføljestyrte bompengepakkar | KTB | |